

Saksprotokoll fylkestinget - 16.06.2021

Miljødirektoratet foreslår at tre heilt nye område i Vestland fylke vert vurdert som nasjonalpark eller landskapsvernområde, Hornelen i Bremanger, Masfjordfjella i Alver og Masfjorden og Øystesefjella i Kvam, Samnanger og Vaksdal. Miljødirektoratet foreslår også å utvide dei eksisterande nasjonalparkane, Jostedalsbreen og Jotunheimen. Og dei gjer framlegg om å gjere Ålfotbreen landskapsvernområde om til nasjonalpark.

Alle forslaga har lokal støtte, i følgje Miljødirektoratet. Det har derimot ikkje eit forslag om å gjere Naustdal -Gjengedal landskapsvernområde i Bremanger, Sunnfjord, Kinn og Gloppen kommune. Difor kjem ikkje direktoratet med forslag om det.

I tillegg er det initiativ i fylket vårt for å få nasjonalpark på Reksteren, Tysnes og Søre Øyane. Det som vert nemnt som Søre Bjørnafjorden nasjonalpark.

Bakgrunnen for alle forslaga om nasjonalpark/landskapsvernområde er sikring av naturmangfaldet og sterke friluftsliv -og rekreasjonsinteresser. Oppretting av verneområde kan også vere viktig for reiselivsnæringa.

Nasjonalpark eller vindindustri?

For to av områda som vert foreslått til nasjonalpark/landskapsvernområde vil eit vern vere i direkte eller indirekte konflikt med planar for utbygging av vindindustri.

I fjellområda mellom Osterfjorden og Sognefjorden i kommunane Alver, Modalen, Masfjorden, Gulen og Høyanger arbeider fleire selskap ei gigantutbygging av vindturbinar. med til saman 65 mil med breie vegar i fjellområda. Ein del av dei planlagde vil kome i Masfjordfella som er foreslått som nasjonalpark/landskapsvernområde. Det er sterkt lokal motstand, inklusiv kommunane, mot desse planane.

Vest for Hornelen i Bremanger er det også omfattande planar for utbygging av vindindustri på Bremangerlandet. Ein nasjonalpark på Hornelen vil få vindturbinar som nærmeste nabo, og med det redusert verdi som verneområde.

I juni for eit år sidan vedtok eit samrådsting om området. «Vestland fylkesting vil ikkje ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak. Vindkraft til havs skal utviklast i samråd med havbruk- og fiskeinteressene.»

Med forslag om å opprette nasjonalpark i Masfjordfjella er naturverdiane godt dokumenterte, og det vil vere ei naturleg oppfølging av vedtaket i juni i fjar å seie nei til planar om vindindustri.

Er fylkesordføraren samd i at det vil vere uaktuelt å støtte planar for vindindustri i Masfjordfjella og i dei andre områda i Nordhordland?

Vidare vil eg gjerne vite korleis fylkeskommunen vil følgje opp vedtaket om vindindustri frå juni 2020 og forslaga om nye verneområde i Vestland fylke.

Kommunane i dei områda som no vert foreslått utgreidd vidare har fått høve til å kome med innspel før Miljødirektoratet kom med sine forslag. Har fylkeskommunen på nokon måte vore involvert, og korleis vil fylkeskommunen følgje arbeidet vidare?

Framlegg til vedtak:

Vestland fylkeskommune stiller seg positive til nasjonalpark i dei vindkraftutsette Masfjordfjella.

Vestland fylkeskommune stiller seg positive til at områda Hornelen og Øystesefjella vert utgreidd til å verte verneområde som nasjonalpark eller landskapsvernområde. Vidare at Ålfotbreen vert gjort om frå landskapsvernområde til nasjonalpark.

Vestland fylkeskommune etterspør arbeid med å utgje fleire område som nasjonalpark/landskapsvernområde, slik som Reksteren på Tysnes og Søre Øyane.

Svar frå fylkesordføraren:

Fylkesordføraren besvarer dei tre konkrete spørsmåla i interpellasjonen, som er referert under.

1. Er fylkesordføraren samd i at det vil vere uaktuelt å støtte planar for vindindustri i Masfjordfjella og i dei andre områda i Nordhordland?
2. Vidare vil eg gjerne vite korleis fylkeskommunen vil følgje opp vedtaket om vindindustri frå juni 2020 og forslaga om nye verneområde i Vestland fylke.
3. Kommunane i dei områda som no vert foreslått utgreidd vidare har fått høve til å kome med innspel før Miljødirektoratet kom med sine forslag. Har fylkeskommunen på nokon måte vore involvert, og korleis vil fylkeskommunen følgje arbeidet vidare?

Spørsmål 1

Eventuelle søknader om vindkraftutbygging er underlagt konsesjonshandsamaing. Konsesjonssøknader om ny produksjon av vindkraft må ha lokal forankring og støtte i kommunestyret for søknadsområdet. Konsesjonssøknad skal sendast på høyring, og då vil saka bli lagt fram for Fylkesutvalet for uttale. Fylkeskommunen har ikkje fått nokon saker til uttale om vindkraft i Masfjordfjella eller i Nordhordland etter at fylka ble slått saman til Vestland. Det kan vere klokt å vente med å uttale seg til vi har fått konkrete saker å uttale oss om. Det er til dømes stor forskjell på eventuelle søknader om vindturbinar i industriområdet på Mongstad og i eit uberørt fjellområde. Sistnemnde er det som kjent stor folkeleg motstand til.

Spørsmål 2

Fylkesordførar viser til at det gjennom Utviklingsplan for Vestland er vedteke at fylkeskommunen skal utarbeide *Regional plan for fornybar energi*. Fylkesrådmannen har varsla at dette arbeidet vil starte hausten 2021. Dette er planen som skal utarbeide ein ny og tydeleg politikk på energifeltet. I Utviklingsplanen er det lagt til grunn at ein i prosessen skal vurdere korleis retningslinene for arealbruk i gjeldande planar for vindkraft og småkraftverk skal bli vidareført. Etter Fylkesordførar si vurdering er det i denne prosessen ny politikkutforming bør skje.

Administrasjonen vil følgje opp gjennom å legge fram godt opplyste saker til politisk handsaming når det kjem søknader om ny kraftutbygging eller andre forslag som fylkeskommunen skal gi høyringsuttale til.

Spørsmål 3

Fylkesordførar er kjent med at det har vore arbeidd med konkrete forslag til nye verneområde i Vestland fylke. Miljødirektoratet sendte 30. oktober 2018 eit brev til Statsforvaltaren i Vestland med oppdrag om å peike på kandidatområder for supplerande vern. I februar 2019 sendte Statsforvaltaren forslag til 99 nye aktuelle verneområde, basert på deira faglege vurderingar. Slik eg har forstått det var det i dette arbeidet ikkje dialog med verken fylkeskommunen eller kommunane.

Miljødirektoratet har i etterkant valt ut 38 lokalitetar som dei har oversendt til Klima- og miljødepartementet. I arbeidet med tilrådinga hadde Miljødirektoratet videoomøter med dei kommunane som er direkte berørt. I desse møta var ikkje fylkeskommunen invitert.

Dersom departementet går vidare og startar formelle prosesser knytt til vedtak om nye verneområde, vil fylkeskommunen kunne gi innspel i to rundar. Først gjennom ei oppstartsmelding med nokre vekrs høyringsfrist, deretter ei større høyringsprosess når verneplanen er klar. Her vil det vere minimum 2 månaders høyringsfrist.

Blant dei 38 lokalitetane som er tilrådd er Masfjordfjella, Hornelen og Øystesefjella inkludert. Det er derimot ikkje forslag om vernelokalitetar på Reksteren og Søre Øyane.

Fylkesordførar er kjent med at Naturvernforbundet og andre har ønske om ei Nasjonalpark i Søre Øyane. Dette er knytt til lokalitetar med regnskog av stor verdi som har blitt kartlagt i arbeidet med ny E39. Statsforvaltaren i Vestland arbeider her primært gjennom ordninga med frivillig skogvern for å få verna lokalitetane utanfor planområdet for ny E39. I Statsforvaltaren sitt høyringsinnspel til oppstart av Statleg reguleringssplan for ny E39 Stord-Os, bad dei om at regnskogslokalitetar utanfor planområdet vert gjort til naturreservat som ein økologisk kompensasjon for lokalitetar som går tapt i utbygginga. Når den statlege reguleringssplanen vert sendt på høyring, vil saka bli lagt fram for Fylkesutvalet i Vestland.

